

Undersøking av bøyemoment og kollisjonslastar som oppstår mellom ei flytande vindturbin og eit installasjonsfartøy

Daniel Wergeland Ekerhovd
Stian Næss Boge

Bacheloroppgave i Marinteknikk
Bergen, Norge 2020



Undersøking av bøyemoment og kollisjonslastar som oppstår mellom ei flytande vindturbin og eit installasjonsfartøy

Daniel Wergeland Ekerhovd
Stian Næss Boge

Institutt for Maskin- og Marinfag
Høgskulen på Vestlandet
NO-5063 Bergen, Norge

Høgskulen på Vestlandet
Fakultet for Ingeniør- og Naturvitenskap
Institutt for maskin- og marinfag
Inndalsveien 28
NO-5063 Bergen, Norge

Omslag fotografi © Norbert Lümmen

English title: Investigation of overturning moments and collision loads occurring between a floating wind turbine and an installation vessel

Forfatter(e), studentnummer: Daniel Wergeland Ekerhovd, 571632
Stian Næss Boge, 181295

Studieprogram: Marinteknikk
Dato: 05 2020
Rapportnummer: IMM 2020-M32
Veileder ved HVL: David Roger Lande Sudall
Thore Clifford Thuestad
Oppdragsgiver: Equinor
Oppdragsgivers referanse: Gudmund Per Olsen

Antall filer levert digitalt: 2

Forord

Denne bacheloroppgåva er eit prosjekt ved Institutt for Maskin- og Marinfag (IMM) ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), i samarbeid med Equinor. Resultata frå bacheloroppgåva presenterast i ein artikkel som er skrive i samarbeid med gruppe M33.

Me ynskjer å takke vår veileder, Førsteamanuensis David Roger Lande-Sudall for god rettleiing og støtte gjennom prosjektet. Me vil også rette ei takk til Thore Clifford Thuestad for hans rettleiing og hjelp innan hydrodynamikk.

Takk til Førsteamanuensis Gloria Stenfelt for hjelpa i MarinLab under dei eksperimentelle forsøka.

Samandrag

Flytande havvind turbinar (FVT) som nyttar seg av eit spar-bøye fundament har vist seg å vere ei effektiv løysning på å utnytte havvind som rein energi. Ei ulempe med vindturbinar som nyttar seg av eit slikt spar-bøye fundament er den store djupgangen som krevst for å helda den stabil, noko som førar til at tilgjengelegheta av egnande innaskjers installasjons områder reduserast. Det har tidlegare vorte undersøkt ein metode som skal kunne redusere djupgangen til den flytande vindturbinen ved å nytte seg av ein lekter som eit installasjonsfartøy i irregulær sjø med bølgjeretning 0° . Dette prosjektet er ein fortsetjing på desse tidlegare undersøkingane ved å gjere eksperimentelle forsøk i irregulære sjøtilstandar der turbinen ligg i kjølvatnet til lekteren (180°). Alle Modellane er i skala 1:72 og alle eksperimentelle forsøk vert utført i ein bølgjetank.

Gjennom eksperimentelle forsøk har bøyemoment mellom lekteren og FVT blitt undersøkt i irregulære sjøtilstandar som tar utgangspunkt i eit JONSWAP bølgjespekter med både full og redusert djupgang. Bøyemomenta aukar med aukande signifikant bølgjehøgd, H_s , og dei største bøyemomenta inntreff ved eigenperioden i stamp til det kombinerte fartøyet lekter og FVT. Samanlikna med tidlegare forsøk, resulterer denne bølgjeretninga med ei auke i laster som oppstår mellom lekteren og FVT både for full og redusert djupgang.

Det har og blitt utført kollisjonstestar for å undersøkje kollisjonslaster mellom lekteren og FVT etter separasjon, i regulære bølgjer. Mellom 2-7 kollisjonar oppstår avhengig av dei ulike tidsseriane som utførast, og dei største kollisjonslastane inntreff ved eigenperioden i stamp til det kombinerte fartøyet. Ved denne bølgjeretninga reduserast den maksimale impuls lasta med 47 % samanlikna med tidlegare forsøk, og dei fleste kollisjonskreftane ligg innanfor standardar som gjeld for design.

Abstract

Floating wind turbines (FWTs) utilizing spar-buoy platforms have proven to be a feasible solution to harness clean energy from offshore wind. A downside to the spar-buoy concept is the significant draught needed to maintain stability, which in turn reduces the number of possible quayside assembly and installation locations. Previous work investigating a possible draught reduction of the floating wind turbine using a barge type installation vessel in irregular head seas (0°) is continued here for irregular seas, where the turbine is lying in the wake of the barge (180°). The models are in a 1:72 scale and all experimental tests are performed in a wave-tank.

Throughout the experimental tests, the overturning moment between the barge and FWT have been investigated in irregular seas using a JONSWAP wave spectra for both the full and reduced draught. The overturning moments increases with increasing significant wave height, H_s , and the peak overturning moments occur at the pitch eigenfrequency of the combined vessel. When comparing with previous results, this wave direction results in an increase of occurring loads between the barge and FWT at both full and reduced draught.

Collision tests have also been conducted to investigate collision forces between the barge and FWT after separation, in regular long crested waves. During each time series, 2-7 collisions occurred, and peak collision loads occur at the pitch eigenfrequency of the combined vessel. This wave heading reduces the maximum impulse load by 47 % compared with previous results, and most of the collision forces are within relevant existing design standards.

Innhaldsliste

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og motivasjon.....	1
1.2 Mål for oppgåva	2
1.3 Oversikt	4
2. Teoretisk grunnlag	5
2.1 Dei seks fridomsgrader.....	5
2.2 Modellering og similaritet	6
2.3 Lineær bølgjeteori og regulære bølgjer	8
2.4 Bølgjespekter og irregulær sjø.....	9
2.5 Respons amplitude operator	9
2.6 Damping	10
2.7 Normalfordeling og konfidensintervall	10
2.8 Bøyespennningar	12
2.9 Elastisk støyt.....	12
2.10 Impuls	13
3. Fasilitetar og programvarer	14
3.1 MarinLab	14
3.2 Programvarer	14
3.2.1 SESAM	14
3.2.2 Njord Wave Synthesis	15
3.2.3 Qualisys.....	15
3.2.4 LabVIEW	16
3.2.5 MATLAB	16
4. Metode	17
4.1 Modellering av flytande havvindturbin og lekter	17
4.1.1 Flytande vindturbin	17
4.1.2 Lekter	21
4.1.3 Kombinert fartøy	22
4.2 Val av bølgjeparametrar	23
4.3 Eksperimentelt oppsett	25

4.4 Decay testing	26
4.5 Lastcelle kalibrering og lastcellerigg.....	28
4.6 Bølgje kalibrering.....	29
4.7 Utføring av kollisjonstestar	30
5. Presentasjon av artikkelen	31
6. Konklusjon.....	32
7. Feilkjelder	34
8. Referansar	35

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og motivasjon

Eit klart fleirtal av røystene i Europa etterlyser no ein framskynda energiovergang mot fornybare energikjelder. Ulike initiativer ber europeiske leiarar om å setje det grøne skiftet i hjarte av Europas økonomiske svar på pandemien Covid-19 ved å skape arbeidsplassar innan grøn energi [1].

Ein av industriane som har potensialet til å skape slike grøne arbeidsplassar, er flytande havvind. Flytande havvind sitt potensiale er enormt, det antakast at det i framtida er mogleg å generera meir enn 420 000 TWh i året globalt, tilsvarande 18 gonger det energibehovet verda har i dag [1]. Nærare 80% av verdas potensiale innan havvind er i vatn djupare enn 60 meter. Vinden er her sterkare og det er lågare turbulens, det blir derfor anslått at marknaden for flytande havvind kjem til å auka betydeleg det neste tiåret [2]. Hovudfordelen med å anvende flytande vindturbinar i staden for konvensjonelle botnfaste vindturbinar, er at ein kan byggja dei på fleire stader. Botnfaste vindturbinar er avhengig av gunstige botnforhold, riktig djupgang og gode vindforhold, noko som skapar ein del avgrensingar på kvar ein kan byggja botnfast vind. Med flytande vind er ein ikkje lenger avhengig av å ha det grunt, dette opnar opp for nye marknadar og ein kan byggja vindkraft i nærleiken av område med høg straumetterspørsel [3].

Det er i dag fleire ulike konsept for flytande havvind som er under utvikling, ein av desse er Equinor sitt Hywind konsept. Hywind konseptet nyttar ei spar-bøye som fundament, dette er eit djupt vertikalt flytande fundament med eit lågt vasslinjeareal som heldes stabil grunna eit lågt tyngdepunkt. Pilotprosjektet Hywind Scotland, består av fem turbinar med ein installert kapasitet på 6 MW, som svarer til ein samla kapasitet på 30 MW [4]. Denne parken har vist at det mogleg med flytande havvind parker. Samanstillinga av desse turbinane vart gjennomført ved å bruka verdas største flytande kran, Saipem 7000 i ein djup fjord utanfor Stord, Noreg. Ved å montera turbinane på land, reduserer ein tidsbruken og risikoene for drifta til havs. Utfordringane ved Hywind konseptet er sparbøyefundaments store djupgang, turbinane som er brukt i Hywind Scotland har en djupgang på over 70 m. Dette gjer det utfordrande å finna lokasjonar for montering, då det er svært få hamner i verda som har dette vassdjupet. Ettersom turbinane blir slepe ut til produksjonsstaden etter montering, må innaskjers ruta ut frå hamna også vere djup nok. Ei anna utfordring ved bruken av denne


installasjonsmetoden, er tilgjengelegheta av spesialiserte flytande lyftefartøy. Tilgjengelegheta av desse lyftefartøya vil bli mindre etterkvart som flytande havvind blir meir utbreidd, i tillegg til at de er svært kostbare å leige.

For å gjere flytande vindkraft meir utbreidd i havvindkraftindustrien, trengs det ein industrialisert samanstillings og installasjonsmetode. Det har derfor blitt presentert fleire ulike metodar for samanstilling og installasjon av flytande vindturbinar. Ein av desse metodane er Atkins sitt transportramme konsept. Konseptet går ut på å bruke ei gjenbrukbar transportramme som kan transportere opp til 4 turbinar om gangen. Metoden reduserer djupgangen til sparbøyefundamentet ved at stabilitet aukar når dei flytande turbinane er festa til transportramma og fungerer då som eit halvt ned-senkbar fartøy. Ved å redusere djupgangen, gjev det ein moglegheit for å gjennomføra samanstillinga av turbinen til kai, noko som fjernar behovet for eit flytande kranfartøy [5].

Metoden til Atkins er utgangspunktet for ei tidlegare masteroppgåve [6] og ein vitskapleg artikkel [7] der transportramma til Atkins er bytta ut med ein lekter, og der det kun er brukt éin enkel turbin i staden for fire, for å redusere kompleksiteten til eksperimenta. Målet var då å undersøke opptreande bøyemoment mellom lekteren og turbinen, samt kollisjonskreftar fra eventuelle støyt mellom lekteren og den flytande turbinen etter at dei er blitt fråkopla. Med desse prosjekta som bakgrunn vil denne oppgåva fokusere på å utføre dei same forsøka, men med ei ny bølgjeretning for å vidare utforske metoden.

1.2 Mål for oppgåva

Målet for denne oppgåva er å undersøke ein metode som reduserer fundamentets djupgang ved å ta i bruk ein lekter til å støtte og oppretthalde stabiliteten til den flytande vindturbinen under installasjon. Ved å snu heile systemet 180° slik at innkommande bølgjer treff det kombinerte fartøyet i hekken skal kritiske aspekt som bøyemoment under installasjon og kollisjonslastar etter separasjon mellom dei to flytande lekamane samanliknast med tidlegare forsøk utført med bølgjeretning 0° , det kombinerte fartøyet er vist i Figur 1.



Figur 1. Kombinert lekter og flytande vindturbin sett frå sida med dimensjonar og bølgjeretning [7].

Dette utførast ved å køyre ei rekkje irregulære sjøtilstandar og regulære bølgjer på ein modell i skala 1:72 i bølgjetanken ved MarinLab, Høgskulen på Vestlandet. Forsøka er gjennomført med den flytande havvind turbinen ved full og redusert djupgang, og er presentert under ved full skala sjøtilstandar:

- Samankopla lekter og turbin ved full djupgang, i eit irregulært JONSWAP spekter med ein signifikant bølgjehøgd $H_s=1.5\text{-}2.0\text{ m}$ og topp periode mellom $T_p=6.5\text{-}16.5\text{ s}$.
- Samankopla lekter og turbin ved redusert djupgang, i eit irregulært JONSWAP spekter med ein signifikant bølgjehøgd $H_s=1.5\text{ m}$ og topp periode mellom $T_p=6.5\text{-}10.5\text{ s}$.
- Kollisjonstestar i regulære bølgjer $H=1.5\text{m}$ og $T=6.5\text{-}16.5\text{ s}$ mellom fråkopla turbin og lekter.

Det skal samstundes lagast ein numerisk modell for både den flytande vindturbinen og den tidlegare nytta lekteren, samt det kombinerte fartøyet, med den hensikt å samanlikne hydrodynamiske resultat frå eksperimentelle og numeriske analysar. Den numeriske modellen kan også bli brukt vidare i fleire sjøtilstandar og bølgeretningar etter at den er validert.

1.3 Oversikt


I seksjon 2 og 3 presenterast teoretisk grunnlag, samt fasilitetar og programvarer som er blitt tatt i bruk for å utføre dei eksperimentelle forsøka. Vidare i seksjon 4 vil modellering av numerisk modell og utføring av det eksperimentelle forsøket bli presentert. Seksjon 5 vil presentere den fullstendige artikkelen med resultat og diskusjon. Seksjon 6 vil ta for seg konklusjon og vidare arbeid. Avslutningsvis vil seksjon 7 og 8 ta for seg høvesvis feilkjelder og referansar.

2. Teoretisk grunnlag

Denne seksjonen vil ta for seg teorien som er lagt til grunn for dei eksperimentelle forsøka og berekningar som er utført.

2.1 Dei seks fridomsgrader

Eit flytande lekam kan ha seks uavhengige rørsler og kan skildrast som eit system med seks fridomsgrader, ofte referert til som 6DOF. Dette vil seie at lekamen kan bevege seg i tre retningar, også kjent som translasjonar, og rottere i tre retningar som vist i Figur 2. Dei seks rørlene er definert som rørsle av lekamen sitt tyngdepunkt og rotasjon om eit sett av vinkelrette aksar gjennom tyngdepunktet. Dei tre translasjonane kallast for jag, svai og hiv, som høvesvis er rørlene langs x, y og z-akse. Dei tre rotasjons rørlene kallast for rull, stamp og gir, som høvesvis er rotasjon om x, y og z-akse [8].



Figur 2. Dei seks fridomsgrader.

2.2 Modellering og similaritet

Før ein gjennomfører eit modellforsøk som skal vera ein representasjon av den fullskala verkelegheita så krevjast det i prinsipp tre typar similaritet [9];

- Geometrisk likedannethet. Det vil seie at modellen må vera geometrisk likedanna med fullskala objektet. Alle dimensjonar på modellen må ha same storleiksforhold som i fullskala.
- Kinematisk similaritet. Det skal vera likskap i hastigetsforhold, forholdstala mellom ulike hastigheiter skal vera like. Straumningane rundt modellen skal vera likedanna med tilsvarende rundt fullskala objektet.
- Dynamisk similaritet. Forholdet mellom dei ulike kreftane skal vera lik for både modell og fullskala.

Kravet om dynamisk similaritet skapar ein del utfordringar ettersom at det er sjeldan mogleg å oppfylle likskap i alle forholda. Likskap i forholdet mellom tregleikskrefter og viskøse krefter gjev følgjande:

$$\frac{\text{Treghetskreftar}}{\text{Viskøse kreftar}} \sim \frac{\rho V^2 L^2}{\mu VL} = \frac{\rho VL}{\mu} = \frac{VL}{\nu} = R_n \quad (1)$$

Ut i frå dette forholdet sitt ein igjen med Reynolds tal som er ein funksjon av lekamen sin hastigkeit V , skipet/modellens lengd L og kinematisk viskositet ν .

Eit anna krav til dynamisk similaritet er forholdet mellom tregleikskrefter og tyngdekrefter:

$$\frac{\text{Treghetskreftar}}{\text{Tyngdekreftar}} \sim \frac{\rho V^2 L^2}{\rho g L^3} = \frac{V^2}{gL} = \frac{V}{\sqrt{gL}} = F_n \quad (2)$$

Der F_n er Froude talet, som er ein funksjon av lekamen sin hastigkeit V , skipets lengd L og tyngdeakselerasjona g . Overflatebølgjer er tyngdedrivne, det er derfor avgjerande å ha similaritet mellom tregleikskrefter og tyngdekrefter for å sikre korrekt bølgjedanning i modellskala.

Ved å setje forholda for modell og fullskala lik kvarandre, kan ein ved kravet om dynamisk similaritet finne modell hastigheita.

Likskap i F_n :

$$\frac{V_m}{\sqrt{gL_m}} = \frac{V_s}{\sqrt{gL_s}} \Rightarrow V_m = V_s \cdot \sqrt{\frac{L_m}{L_s}} = \frac{V_s}{\sqrt{\lambda}} \quad (3)$$

Der $\frac{L_s}{L_m}$ er skalar forholdet λ grunna geometrisk similaritet ved Froude skalering.

Likskap i R_n :

$$\frac{V_m L_m}{\nu} = \frac{V_s L_s}{\nu} \Rightarrow V_m = V_s \cdot \lambda \quad (4)$$

Ut i frå likning (3) og (4) kan ein observere at likskapen i desse forholda ikkje opptrer samstundes. i følgje [10], er det rett og slett umogleg å oppfylle alle krav ved dynamisk similaritet samstundes. Som følgje av dette, er det tatt utgangspunkt i Froudes skaleringsmetode for prosjektet.

Tabell 1 visar skaleringsforholda for dei andre fysiske storleikane som kan bereknast ved å ta utgangspunkt i likning (3), der λ er skaleringsfaktor.


Parameter	Forhold	Eining
Massa	$M_s = \lambda^3 \cdot M_m \cdot \frac{\rho_s}{\rho_m}$	[kg]
Kraft	$F_s = \lambda^3 \cdot F_m \cdot \frac{\rho_s}{\rho_m}$	[N]
Moment	$M_s = \lambda^4 \cdot M_m \cdot \frac{\rho_s}{\rho_m}$	[Nm]
Akselerasjon	$a_s = a_m$	[m/s ²]
Tid	$t_s = \sqrt{\lambda} \cdot t_m$	[s]
Areal	$A_s = \lambda^2 \cdot A_m$	[m ²]
Lengd	$L_s = \lambda \cdot L_m$	[m]
Volum	$\nabla_s = \lambda^3 \cdot \nabla_m$	[m ³]

Tabell 1. Froude skalering.

2.3 Lineær bølgjeteori og regulære bølgjer

Lineær bølgjeteori oppnåast ved å definere bølgjehøgda til å vera mykje lågare enn både bølgjelengda og vassdjupet [11]. Grunna lineariseringa som er gjort, krevjar denne teorien at bølgjeoverflata aldri avviker nivået til vassoverflata ved stille vatn, der $z = 0$. Regulære lineære bølgjer er definert med ei bølgjehøgde $H=2\zeta_a$ der ζ_a representerar avstanden frå stille vatn til ein bølgjetopp/bølgjedal. Bølgjehøgda er proporsjonal med bølgjeamplituden.

Ei regulær, eller harmonisk bølgje kan beskrivast som ein kontinuerleg sinusbølgje i både tid og rom som vist i Figur 3



Figur 3. Illustrasjon av ei regulær bølgje. Figuren til venstre tar for seg bølgjeprofilet som funksjon av avstand i rom ved eit tilfeldig tidspunkt i tid, medan figuren til høgre tar for seg bølgjeprofilet som funksjon av tid ved ein gitt bølgjeforplanting [11].

Koordinatsystemet til bølgja er satt i senter med positiv retning opp, der $z = 0$ ved stille vatn. Den positive retninga til x -aksa visar retninga til bølgja. Avstanden frå stille vatn og ned til havbotn er h , der $z = -h$ på havbotn og λ er bølgjelengda.


Ved å bevege seg langs den positive x -aksa, kan bølgjeprofilet, ζ , til den regulære bølgja som vist i Figur 3 beskrivast som ein sinusfunksjon med omsyn på x og t som vist i likning (5):

$$\zeta = \zeta_a \sin(kx - \omega t) \quad (5)$$

Der $k = \frac{2\pi}{\lambda}$ er bølgjetalet i [rad/m] med bølgjelengd og x er avstanden langs x -aksa. $\omega = \frac{2\pi}{T}$ sirkelfrekvens i [rad/s] med periode T , og t er den målte tida.

2.4 Bølgjespekter og irregulær sjø

Eit bølgjespekte er eit spekter som illustrera fleire forskjellelege regulære bølgjetilstandar lagt saman til ein irregulær tilstand. Dette skal illustrere korleis bølgjebilete blir ved ulike bølgjehøgder, periodar eller frekvensar, og at dei kan kome frå ulike retningar. Figur 4 illustrera korleis eit bølgjespekte byggjast opp [12].



Figur 4. Regulære tilstandar lagt saman til eit irregulært bølgjespekte [11].

2.5 Respons amplitude operator


Ein respons amplitude operator (RAO), også kalla ein responsvariabel, er kvadratet av transferfunksjonen $H(\omega)$, og kan definerast som forholdet mellom systemets output og systemets input [11]. Ein RAO blir brukt til å bestemme korleis ein sjøtilstand vil påverke rørslene til eit fartøy i sjø. Response amplitude operator beskrivast i frekvensplanet ved likning (6):

$$|H(\omega)|^2 = \left(\frac{Y(\omega)}{X(\omega)} \right)^2 \quad (6)$$

$H(\omega)$ er transferfunksjonen, $Y(\omega)$ og $X(\omega)$ er systemets output og input.

2.6 Damping

Eit dempa system kan delast inn i 3 ulike kategoriar, eit underdempa, overdempa og kritisk system. Eit underdempa system er oscillerande, der amplituden av oscillasjonane vil minke som ein funksjon av tid heilt til systemet er stabilt. I eit overdempa system vil systemet derimot bevege seg mot likevekt utan oscillasjonar, det same gjeld for eit system som er kritisk dempa [13]. For å kunne identifisere kor raskt eit system blir dempa, blir dampingsraten rekna ut. Denne blir funne ved å sjå kor fort dempinga går mot likevekt, dei ulike dampingstypane med de tilhøyrande dampingsratene er vist i Figur 5.



Figur 5. Viser de ulike dampingssystema med dei tilhøyrande dampingsratene. [14]


2.7 Normalfordeling og konfidensintervall

Ein kontinuerleg variabel X er normalfordelt med forventningsverdi og standardavvik som gjev sannsynstettleika:

$$f(x) = \frac{1}{\sqrt{2\pi}\sigma} e^{-\frac{(x-\mu)^2}{2\sigma^2}} \quad (7)$$

Normal sannsynstettleiks funksjonen $f(x)$ beskriv fordelinga og har som eigenskap at det totale arealet under kurva er lik 1 [15].

Normalfordelinga er konstruert slik at den empiriske regelen gjeld, det vil seie at uansett kva for verdiar parameterane μ og σ har, vil det vere omlag 68% sannsynleg for at det totale arealet under kurva vil liggje i intervallet $\pm 1\sigma$ frå gjennomsnittet. Det vil vera 95% sannsynleg at det totale arealet under kurva vil liggje i intervallet $\pm 2\sigma$ frå gjennomsnittet. Tilsvarande 99.7% sannsynleg for at det totale arealet vil liggje i intervallet $\pm 3\sigma$ frå gjennomsnittet som vist i Figur 6 [16].



Figur 6. Empiriske regel.

Eit konfidensintervall er eit område langs tal linja som vi, ut i frå statistisk teori, veit at har eit høgt sannsyn for å innehalde ein talfesta eigenskap ved populasjonen. Dette sannsynet fortel kor "sikkert" intervallet er, og blir kalla intervallets konfidensnivå. Ettersom estimatoren er stokastisk, vil og konfidensområdets plassering bli stokastisk. Graden av sikkerheit til konfindensintervalla kjem av storleiken, eit større konfidensintervall aukar sannsynet for at parameteren ligg innafor intervallet [15].

2.8 Bøyespenningar

For å unngå store skader på strukturer, må spenningane som opptrer vere mindre enn flytegrensa til materialet. Ved å bruke den ultimate grensetilstandslikninga (ULS) [17], kan ein sjekke om strukturen tilfredsstiller dei etterspurde krava. Dette utførast ved hjelp av følgjande relasjon:

$$\sigma \leq \frac{1}{\gamma_f} \cdot \frac{1}{\gamma_m} \cdot \frac{1}{\gamma_n} \cdot \sigma_y \quad (8)$$

der γ_f , γ_m og γ_n er delvise sikkerheitsfaktorar for høvesvis belastning, materiale og konsekvensen av ein feil, σ_y er flytegrensa til materialet medan σ er den maksimale bøyespenninga i strukturen, bøyespenninga finnes ved hjelp av Euler Bernoulli bøyelast likning (9):

$$\sigma = \frac{M}{I} \cdot y \quad (9)$$

Der σ er bøyemomentet, M er bøyemomentet, I er trehetsmomentet for eit sirkulært tverrsnitt medan y er avstanden frå den nøytrale aksen til materialoverflata [18].

2.9 Elastisk støyt

Eit elastisk støyt er definert som eit støyt mellom to fullkomne elastiske lekamar [19]. Slike lekamar har eigenskapar som førar til at dei deformerast under påverknad av ytre krefter og deretter går tilbake til sin opphavlege form etter at kraftene fjernast [20]. Gjenstandane si indre energi i eit elastisk støyt blir derfor uendra, som gjer at den kinetiske energien til lekamen før eit støyt er like stor som etter eit støyt [19].

Når ein betraktar eit støyt, blir det ofte sett på som elastisk sidan dette gjev ein del avgrensingar for rørslelikningane ved at kinetisk energi må vera bevart. Dette gjer det mogleg å løyse problem som ellers ville hatt for mange ukjente variablar.

2.10 Impuls

Impuls blir definert i mekanikken som produktet av ei kraft og den tida krafta verkar. Som eit resultat av impuls vil det føre til ei endring av rørslemengda til eit eller fleire lekamar [21]. Ved ei konstant kraft F , uttrykkast impulsen som vist i likning (10):

$$I = F \cdot \Delta t \quad (10)$$

Der I er impulslasta, F er den tilførte krafta og Δt er tida som krafta verkar over.

Dersom den påførte krafta ikkje er konstant over den tida den verkar, uttrykkast impulsen som vist i likning (11):

$$I = \int_{t_1}^{t_2} F \, dt \quad (11)$$

Der t_1 og t_2 representerer start og slutt for tida krafta verkar over.

Kollisjonskrefter er noko som takast høgde for i design av konstruksjonar. i [22], når spesifikke laster ikkje er gitt, vil det flateområde som er utsett for kollisjonskrefter vera designet for å tolle ei antatt kollisjonskraft som vist i likning (12):

$$F = 2.5 \cdot \Delta \quad (12)$$


Der F er kollisjonskrafta i kN og Δ er det fullasta deplasementet av eit frakteskip med eining tonn. Dette er basert på ei antaking om ein båt som kollidera med ein solid konstruksjon.

3. Fasilitetar og programvarer

Denne seksjonen vil ta for seg kva for fasilitetar og programvarer som har blitt tatt i bruk i prosjektet.

3.1 MarinLab

MarinLab er eit hydrodynamisk forsking og undervisningsanlegg lokalisert på HVL ved campus Bergen. Bølgjetanken som vist i Figur 7 har eit tverrsnitt på 3 x 2.2 m med ein lengd på 50 m. Tanken er utstyrt med ei slepevogn og ei fullautomatisk bølgjegenerator frå Edinburgh Design. Bølgjegeneratoren kan generere bølgjer med ein maksimal bølgjehøgd på 0.5 m med bølgjeperioder opp mot 2 s. Det er også mogleg å lage fleire irregulære bølgjer med JONSWAP, Bretschneider og Pierson-Moskowitz spekter. På motsett side av bølgjegeneratoren er tanken utstyrt med ein bølgjedempande strand som skal forhindre uønskt bølgjerefleksjonar frå enden av tanken. Vidare er MarinLab utstyrt med motstands baserte bølgjemålarar og eit rørslekamera system som kan nyttast til rørsletesting [23].



Figur 7. Oversiktsbilete av MarinLab.


3.2 Programvarer

I seksjonen under vil de ulike programvarene som er nytta i denne oppgåva bli presentert.

3.2.1 SESAM

SESAM er eit struktur analyseringsprogram som er utvikla av DNV-GL, og brukast til design, optimalisering, simulering og analysering av forskjellege offshore konstruksjonar og operasjonar. Programpakken består av fleire underprogram som har ansvar for forskjellige

operasjonar og analysar. Figur 8 visar heile programpakken oppbygning og underprogram. Programtitlar markert med gult er program som nyttast i denne oppgåva.



Figur 8. Oppbygning til SESAM programpakke

Modelleringa er gjennomført i Genie, medan HydroD blir brukt til hydrostatiske og hydrodynamiske berekningar, der Wadam er brukt for berekningar av bølgjelastar i frekvensplanet. Postresp blir brukt til presentasjon av responsspekter der den statistiske responsen bereknast av Wadam.

3.2.2 Njord Wave Synthesis

Edinburgh Design har utvikla ein pakke med programvareverktøy som er meint for eksperimentelle forsøk i bølgjetank. Ved hjelp av denne programvara kan brukaren spesifisere kvar for nokre bølgjer eller sjøtilstandar som skal nyttast i eit eksperiment. Programvara sendar deretter bølgjedata ut i eit open XML-basert filformat som er optimalisert for laste opp i Edinburgh Designs “Wave Runtime”, der det vidare kan bli køyrt i ein bølgjetank [24].

3.2.3 Qualisys

Qualisys er eit rørslesfangst og 3D posisjonssporings system. Den optiske sporingsteknologien gjer det mogleg å måle posisjonen til lekamar som beveger seg i høg fart. Systemet består av rørslesfangst kamera, reflektorar og ein programvare som tillate 6DOF-sporing [25].

3.2.4 LabVIEW

LabVIEW brukast til innsamling av data frå måleinstrument frå eksperimenta og for analyse og presentasjonar av desse dataene [26].

3.2.5 MATLAB

MATLAB er ein programmerings plattform som brukast til utrekningar og grafisk framstilling av funksjonar frå dei målte dataene av eksperimenta [27].


4. Metode

Denne seksjonen vil ta for seg korleis dei numeriske modellane er modellert, det eksperimentelle oppsettet i bølgjetanken, kalibreringar og korleis dei ulike eksperimenta blei gjennomført.

4.1 Modellering av flytande vindturbin og lekter

4.1.1 Flytande vindturbin

Den flytande vindturbinen (FVT) er modellert i underprogrammet GeniE ved å ta utgangspunkt i arbeidsteikningane frå Hywind Buchan Deep turbinen [28] som vist i Figur 9. Sidan det allereie er gjort ein god del forenklingar på den eksperimentelle modellen, så har den numeriske modellen og tatt utgangspunkt i dei same forenklingane som vil bli forklart undervegs.



HYWIND BUCHAN DEEP 6 MW Ø154M

Figur 9. Tekniske teikningar av Hywind Buchan Deep turbinen 6MW [27].

Koordinatsystemet til modellen er satt i botn og senter av turbinen. Konstruksjonen blir tildelt ein ekvivalent platetjukkleik for å få massefordelinga, ettersom den indre geometrien er ukjend. Turbinen er delt opp i to delar som blir tildelt kvar si ekvivalente platetjukkleik, som då er fundamentet og tårnet.

Fundamentet er forenkla ved at den er modellert som ein sylinder med ein konstant diameter $D=14.4$ m, i samhøve med flaskehals forma ved vasslinja som vist i Figur 9. I samsvar med [29] så er vekta til fundamentet 2300 tonn, dette medføra ei ekvivalent platetjukkleik på 70 mm når ein brukar stål med tettleik $7850 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}$ som material i GeniE.

Tårnet er også geometrisk forenkla til ein sylinder med diameter $D=9.5$ m. Den totale vekta til tårnet er i høve til [29] 670 tonn, som resultera i ei platetjukkleik på 40 mm når ein brukar stål med tettleik $7850 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}$. I toppen av tårnet ligg turbinhovudet som i følgje [6] veg 360 tonn. Denne vekta blir definert som ei punktlast med koordinatane [0 m, 0 m, 173.8 m] seinare i HydroD.

Når platetjukkleiken er tildelt sine respektive delar, takast modellen vidare inn i eit anna underprogram, HydroD. Her kan ein ved hjelp av ein hydrostatisk tabell finne vekta av det fortrengte sjøvatnet ved ein djupgang på 76 m, som resulterte i 12 594 tonn. I høve til [29] samsvarar dette veldig godt med den totale massen til den flytande vindturbinen. Den naudsynte ballasten som vindturbinen treng, reknast ut ved å trekke frå vekta til fundamentet, tårnet og turbinhovudet frå den totale massen til den flytande vindturbinen, som i dette tilfelle gjev 9264 tonn.

Fundamentet blir så ballastert med både sjøvatn og jernmalm, der det er fastsett omlag 5000 tonn med solid ballast i høve til [30], og dei resterande 4264 tonn med flytande ballast. Den solide ballasten er antatt til å ha ei tettleik på $5000 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}$ og den flytande ballasta med tettleik $1025 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}$. Ettersom ballasta blir definert som punktlastar i HydroD, krev dette at vertikal posisjonen opp til senter av både den solide og den flytande ballasta må vera kjend. Gitt at fundamentet er ein sylinder, kan høgda til ballast volumet bereknast ved likning (13):

$$V_i = A_i \cdot h \Rightarrow h = \frac{V_i}{A_i} = \frac{V_i}{\frac{\pi}{4} d_i^2} \quad (13)$$

Der V_i er volumet av den indre sylinderen, A_i er tverrsnittet til den indre sylinderen, h er høgda og d_i er indre diameter av sylinderen.

Ved hjelp av likning (13), kan høgda opp til senter av både den solide og flytande ballasta rekna ut;


$$h_{ss} = \frac{1}{2} \cdot h_s = \frac{1}{2} \cdot \frac{\frac{5000000 \text{ kg}}{5000 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}}}{\frac{\pi(14.4 \text{ m} - 2 \cdot 0.0699 \text{ m})^2}{4}} = 3.13 \text{ m} \quad (14)$$

$$h_{sf} = \frac{1}{2} \cdot h_f = \frac{1}{2} \cdot \frac{\frac{4264000 \text{ kg}}{1025 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}}}{\frac{\pi(14.4 \text{ m} - 2 \cdot 0.0699 \text{ m})^2}{4}} = 13.02 \text{ m} \quad (15)$$

Der h_{ss} og h_{sf} representerar avstanden opp til senter av den solide og flytande ballasta, h_s og h_f er den totale høgda til det solide og flytande volumet.

Avstanden opp til den solide ballasten blir gitt av likning (14), samstundes som ein inkludera veggjukkleiken i botn av fundamentet på 69.9 mm, gjev koordinatane [0 m, 0 m, 3.21 m]. Den flytande ballasta som ligg over den solide kjem av likning (15), også her inkludera ein veggjukkleiken på 69.9 mm, dette gjev koordinatane [0 m, 0 m, 19.35 m].

Når alle punktlastane er definert, får ein ut djupgangen til modellen som vist i Figur 10. I høve til [28] stemmer den kalkulerte djupgangen. Alle hovuddimensjonar er presentert i Tabell 2.




Figur 10. Skjermbilete frå HydroD, numerisk modell med tilhøyrande djupgang.

Parameter	Flytande vindturbin
Diameter fundament	14.4 m
Høgd turbinhovud	173.8 m
Djupgang	76 m
Vekt fundament	2.3×10^6 kg
Vekt turbinhovud	3.6×10^5 kg
Vekt tårn	6.7×10^5 kg
Deplasement total	1.259×10^7 kg

Tabell 2. Dimensjonar for FVT.


Det genererast også ein morison modell som er ei forenkling av sparbøyefundamentet sin geometri, vist i Figur 11. Denne modellen innehar alle element som ein treng i ein morison berekning, i dette tilfellet er det berre det viskøse bidraget for sparbøyefundamentet som takast med.



Figur 11. Skjermbilete frå GeniE, morison modell av sparbøye fundamentet.

4.1.2 Lekter

Lekteren vart også modellert i underprogrammet GeniE, og er basert på teikningane til Goliat17 [31], som vist i Figur 12. Det er også her utført nokre forenklingar som vil bli forklart undervegs.




Figur 12. Arbeidsteikningar av Goliat17.

Koordinatsystemet er satt i botn og senter av lekteren. Lekteren er modellert med seks langsgåande og fire tverrgåande skott. Maskineriet og førarhuset er neglisjert i modelleringen. På same vis som med vindturbinen er lekteren også modellert med ein ekvivalent platetjukkleik grunna den indre geometrien er ukjend.

Ettersom lekteren og vindturbinen seinare skal modellerast til eit kombinert fartøy, nyttast den ekvivalente platetjukkleiken til å oppnå ein operasjonsdjupgang på 4 m i staden for å ballastere lekteren, noko som ville ført til komplikasjonar i HydroD. Under dei eksperimentelle forsøka vart lekteren redusert med omlag 0.6 kg som følgje av endringar på lastcelleriggen. Ved å ta utgangspunkt i fullskala vekta til lekteren frå dei eksperimentelle forsøka som allereie er kjend, $1.295 \cdot 10^7$ kg, og trekke frå vektredusjonen frå lastcelleriggen, resulterar dette med eit nytt massedeplasement på $1.272 \cdot 10^7$ kg. Vidare gjev dette ei ekvivalent platetjukkleik på 133.5 mm når ein brukar stål med tettleik $7850 \frac{\text{kg}}{\text{m}^3}$.

Modellen takast så inn i HydroD som vist i Figur 13. Grunna vektredusjonen har også djupgangen blitt redusert. Ettersom lekteren berre er konstruert med ei ekvivalent platetjukkleik for å oppnå det totale massedeplasementet og ikkje er symmetrisk om y-aksen kan det vere årsaka til at lekteren gjev litt utslag i stamp. Alle hovud dimensjonar er presentert i Tabell 3.



Figur 13. Skjermbilete frå HydroD, lekter med tilhøyrande djupgang.


Parameter	Lekter
Lengd	100 m
Breidd	37 m
Høgd	7 m
Deplasement total	$1.272 \cdot 10^7$ kg

Tabell 3. Dimensjonar for lekter.

4.1.3 Kombinert fartøy

Etter at begge modellane er modellert kvar for seg, kombinerast dei til eitt fartøy, lekter og flytande vindturbin (LFVT). Dette utførast i GeniE ved å importere ei FEM fil (T2) som inneholdt alt frå den ferdig modellerte turbinen, inn til GNX-fila der lekteren er modellert. Koordinatsystemet ligg framleis i botnen og senter av lekteren, grunna det er denne GNX-fila det opererast i. Turbinen koplast saman med lekteren ved koordinatane [57.2 m, 0 m, -72 m].

Vidare blir den kombinerte modellen tatt inn til HydroD, og punktlastane til turbinen vert påført. Morison modellen til turbinen vert også tilført for å få med det viskøse bidraget fra sparbøyefundamentet. Figur 14 visar det kombinerte fartøyet med tilhøyrande djupgang ut i frå lekteren sitt koordinatsystem med tilsvarende null stamp og krenging.



Figur 14. Skjermbilete frå HydroD av kombinert lekter og vindturbin.

4.2 Val av bølgjeparametrar

Dei eksperimentelle forsøka vart utført i forskjellege sjøtilstandar. Forsøka med samankopla lekter og turbin vart utført med eit irregulært JONSWAP bølgjespekter og kollisjonstestane vart utført med regulære sinus bølgjer. Dei ulike JONSWAP bølgjeparametrane vart henta i frå Hywind Buchan Deep Metocean Design Basis [32], som vist i Figur 15.

Hs (m)	Spectral peak period (T_p) - (s)																						Sum
	2-3	3-4	4-5	5-6	6-7	7-8	8-9	9-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19	19-20	20-21	21-22	22-23		
0-1	177	3746	10423	9068	7551	4964	2983	2033	1142	626	309	167	63	38	12	3	4						43329
1-2		57	5281	13966	12849	10034	7653	5074	3720	2476	1254	571	245	109	36	9	3						63337
2-3			32	1413	7085	7423	4826	3338	1985	1397	1132	582	228	125	31	12	7						29616
3-4				4	599	2588	3559	2404	1332	553	388	204	141	63	20	5	2	1	1				11864
4-5					15	168	1046	1398	993	445	152	94	50	22	14	4							4402
5-6						5	113	429	497	358	114	57	12	10	5								1600
6-7							3	55	132	166	103	43	13	3	2								520
7-8								2	18	42	57	16	10	4	4								153
8-9									1	6	14	7	7	2	1								38
9-10												1	2										3
10-11													1										1
Sum	177	3803	15736	24451	28099	25202	20183	14733	9820	6069	3524	1742	771	376	125	33	16	1	2	0	0		154863

Figur 15. JONSWAP spekter parametrar frå Metocean Designs for Buchan Deep.

For å samanlikne med tidlegare forsøk som er utført med bølgjeretning 0° , er dei same signifikante bølgjehøgdene og topp periodane tatt i bruk og vist i Tabell 4. Ut i frå Figur 15 er det med signifikant bølgjehøgd $H_s=1-2$ m, dei sjøtilstandane som oftast inntreff i løpet av

målingsperioden på 53 år. Dei tre lågaste topp periodane, $T_p=6.5\text{-}10.5$ s, er valgt ved at det er slike sjøtilstandar som representerar kva som oftast forventast at skal intrefje ved denne bølgjehøgda. Topp perioden, $T_p=14.2$ s, kjem av at eigenperioden til LFVT i stamp frå Tabell 6, ligg i dette området, medan topp perioden $T_p=16.5$ s er for å undersøkje ein mindre sannsynleg sjøtilstand.

Full skala	Modell skala	Full skala	Modell skala
$H_s = 1.5$ m	$H_s = 0.02$ m	$H_s = 2$ m	$H_s = 0.027$ m
$T_p = 6.5$ s	$T_p = 0.77$ s	$T_p = 6.5$ s	$T_p = 0.77$ s
$T_p = 8.5$ s	$T_p = 1.00$ s	$T_p = 8.5$ s	$T_p = 1.00$ s
$T_p = 10.5$ s	$T_p = 1.24$ s	$T_p = 10.5$ s	$T_p = 1.24$ s
-	-	$T_p = 13.2$ s	$T_p = 1.55$ s
$T_p = 14.2$ s	$T_p = 1.67$ s	$T_p = 14.2$ s	$T_p = 1.67$ s
$T_p = 16.5$ s	$T_p = 1.94$ s	$T_p = 16.5$ s	$T_p = 1.94$ s

Tabell 4. Bølgjeparametrar med JONSWAP bølgjespekter og spredningsfaktor $\gamma=3.3$.

Kollisjonstestane vart utført i regulære sinusbølgjer. I tidlegare forsøk har regulære bølgjer blitt nytta for å kunne løyse vindturbinen frå elektromagnetane i forskjellelege bølgjefasarar, noko som ikkje er mogleg om ein nyttar seg av eit bølgjespekter. Dette viste seg å ikkje ha noko påverknad på resultata [6] og har derfor ikkje blitt utført i dette prosjektet, men for å kunne samanlikne så er regulære sinusbølgjer tatt i bruk og vist i Tabell 5.


Full skala	Modell skala
$H = 1.5$ m	$H = 0.02$ m
$T = 6.5$ s	$T = 0.77$ s
$T = 8.5$ s	$T = 1.00$ s
$T = 10.5$ s	$T = 1.24$ s
$T = 13.2$ s	$T = 1.55$ s
$T = 14.2$ s	$T = 1.67$ s
$T = 16.5$ s	$T = 1.94$ s

Tabell 5. Bølgjeparametrar med regulære sinus bølgjer.

4.3 Eksperimentelt oppsett

